
Vår referanse 2021/56202-2
Dato 10.12.2021

BYGGADMINISTRASJON HARALD BJØRNDAL AS
Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

Svar - Nabovarsel - Fv. 5496 Risasjøvegen / Fv. 57 Mongstadvegen -
Utsleppsløyve - Gnr 116 bnr 68 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til nabovarsel mottatt 01.12.2021.

Varselet gjeld søknad om utsleppsløyve på gnr 116 bnr 68 mfl. I Alver kommune

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, mottek nabovarsel som nabo og eigar av fv. 5496 Risasjøvegen og fv. 57 Mongstadvegen.

Vi har og ei rolle som vegstyresmakt og forvaltar av fylkesveg. Vi vil på generelt grunnlag minne om at fylkeskommunen som vegstyresmakt

- skal handsame eventuelle søknader om avkøyrsløve eller dispensasjon frå byggjegrense etter veglova
- har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova kap. 19 når saka direkte vedkjem vårt saksområde
- har rett til å uttale seg i saker som fell under den kommunale bygningsstyresmakta si samordningsplikt, jamfør plan- og bygningslova §21-5

Vi minner om at det må søkjast om grave- og framføringsløyve for leidingsnett som går langs eller under fylkesveg. Det vil og vere aktuelt å søkje om arbeidsvarsling til Statens vegvesen.

Med helsing

Hege Løtveit
leder

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift